

# **Nordahl Grieg vidaregåande skole: Høyringsuttale om omlegging av utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon.**

Dette er ein høyringsuttale om "Høring om omgjøring av utdanningsprogrammet for medier og kommunikasjon" (2014).

Medium og Kommunikasjonsavdelingen v/Nordahl Grieg vidaregående skole Bergen, med lærarar og avdelingsleiar står samla om denne uttalen.

## **Punkt 1**

Delvis einige

Vi ved Nordahl Grieg Videregående skole støttar i likskap med Oslo-skulane (Oppedal et al 2014) forslaget om at utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon vert gjort om til eit studiespesialiserande utdanningsprogram og har eit treårig løp. Elevar som vil gå vidare med medieutdanning treng i dei fleste tilfelle studiekompetanse for å bli tatt opp på høgare utdanning både i Noreg og i utlandet, og slik vi ser det, er ei praktisk og teoretisk studiespesialiserande medielinje eit viktig springbrett vidare. Ei slik medielinje har også ein allmenndannande funksjon som er viktig i det medievridde samfunnet.

Vi er einige om å gå for modell 2, med nokre endringar i forslaget frå Udir. For å halde på den stabile elevmassen frå første år er det viktig å ha eit felles VG1, med meir fagleg tyngd for å halde fråfall og feilval nede. Det er viktig å ta omsyn til dette.

Timetalet første året er no skissert med 5 timer frå Udir. Dette er for lite, fordi elevane treng solid innsikt i, og erfaring med, mediefaget alt frå VG1 av. Vi meiner det er nødvendig å sikre eit godt praktisk og teoretisk grunnlag frå første året, og slik gi elevane fagleg ballast for vidare val på studieførebuande eller yrkesfagleg program. Vi ynskjer difor ei styrking av mediefaga med denne timefordelinga av programfag på VG1:

5 timer *Mediekommunikasjon*

5 timer *Design og medieproduksjon*: sikre produksjonsbiten som er fråverande i f

4 timer valfag, der foreslår vi to alternativ: 1. *Teknologi og media* eller opne moglegheit for 2. Framandspråk.

## **Punkt 2**

Delvis einige

Sjå punkt 1

## **Punkt 3**

Vi er delvis einige, men er nøgde med at faget i dag famnar om tre delar. Dette må vidareførast, men ikkje nødvendigvis med ei inndeling i tre adskilde fag. Vi ynskjer å vidareføre eit mediefag som dyrkar tverrfaglegheit, der det praktiske, estetiske og teoretiske inngår i ein større heilskap,

og meiner at det let seg gjere ved inndeling i faga *Mediekommunikasjon og Design* og *medieproduksjon*. Vi ser betydninga av å fortsatt gjennomføre ein tverrfagleg, praktisk-teoretisk opplæring og eksamen. Det tverrfaglege kan også sjåast i ein breiare samanheng, som til dømes i norskfaget.

Når det gjeld det faktiske behovet for praktisk og teoretisk tverrfaglegheit kan ein sjå til den nye medieklynga i Bergen; MediaCity Bergen som famnar om NRK, TV2, UiB og BT med fleire. Der uttalar Universitetet i Bergen dette om behovet for framtida:

“Medieklyngen gir UiB en mulighet til å skape et miljø for praktisk medieutdanning og praksisnær forskning som er unikt i Norge og internasjonalt.” (Media City Bergen 2014)

Vi deler Oslo-skulane si oppfatning om at “samfunnet trenger medarbeidere som kan “state of the art” programvare/verktøy - ikke bare dagens løsning - men morgendagens”, og at “et timetall på 10 timer i uken kan være utilstrekkelig for å dekke bredden i dagens og morgendagens mediesamfunn” (Oppedal et al 2014).

Praktisk, teoretisk og teknologisk medieforståing er også essensiell allmenndannande kunnskap, og viktig også om ein ikkje skal studere mediefag vidare. Å velge praksis som metode gir ein unik type innsikt som både har verdi i seg sjølv, men som også kan auke teoretisk forståing, og vera ein motiverande faktor.

Mediebransjen og mediesamfunnet er i stor endring, og vi ser for oss at Medium og kommunikasjon skal vere med på denne utviklinga.

#### **Punkt 4**

Ueinige

Vi foreslår namna *Mediekommunikasjon og Design* og *medieproduksjon*.

#### **Punkt 5**

Delvis ueinige.

#### **Punkt 6**

Vi meiner at det bør opnast opp for fleire programfag som førebur til ein framtidig mediebransje og eit framtidig mediesamfunn. Eit konkret forslag er å opprette faget *Teknologi og media*. Vi er også positive til Oslo-skulane si liste om nye programfagsforslag (jf. Oppedal et al 2014).

#### **Punkt 7**

Heilt ueinige

Slik me ser det, vert det ikkje fleire læringsplassar om ein flyttar fotograffaget, mediegrafikarfaget og mediedesignar til Design og handverk. Splittinga vil i staden svekke ein bredde og tyngde i medieutdanninga, jf. punkt 1. Vi meiner at ei tverrfagleg medieopplæring også må inkludere

fotograf-, mediedesign- og mediegrafikerfunksjonar. Faga vil tjene på å vere i eit mediefagleg miljø som tek omsyn til at også desse faga er i endring. Vår oppfatning er dessutan at vegen til fotograffaget og mediedesignfaget går gjennom høgare utdanning, og det difor er mest hensiktsmessig at også desse elevane får ei studiespesialiserande, mediefagleg vidaregåande opplæring.

I dag er mediesamfunnet basert på multimediale funksjonar, og omstillingar og nedskjerings i mediebransjen har aktualisert nye problemstillingar. Både teknologiske og økonomiske aspekt ved mediebransjen viser at det er viktig å utdanne personar med breiddekompetanse. Igjen, kan vere Bergen MediaCity brukast som illustrerande døme på behovet for ei tverrfagleg orientert opplæring.

## **Punkt 8**

Heilt ueinige

Sjå punkt 7

## **Punkt 9**

Heilt einige

Sjå punkt 7

## **Punkt 10**

Delvis einige

Vi meiner at det kan opnast opp for eitt valfritt programfag, til dømes eit framandspråk, i tillegg til medieprogramfaga. Alternativet til valfritt programfag meiner vi, som nemnt tidlegare, kan vere *Teknologi og media*.

## **Punkt 11**

### **Eksamens**

Eksamens bør organiserast som i dag: praktisk-tverrfagleg med 48 timer førebuing.

Sluttvurderinga bør legge vekt på produksjon og breidde og kritisk-analytisk refleksjon. Vi ynskjer å komme med meir konkrete innspel til eksamen ved seinare høve.

## **Utvila tverrfagleg samarbeid**

Ein ny modell opnar også for eit langt større tverrfagleg samarbeid. Ved vår skule har me eit pilot-prosjekt der mediefaga og norsk på VG3 samarbeider om felles kompetansemål om retorikk, adapsjon, multimodale tekstar og bruk av produksjonsverktøy. Mer ser for oss at også andre fag kan ha nytte av samarbeid med mediafaga - som fokuserer på produksjon og publisering (ved vår skule har publiseringssplatformen [NGVmedia.net](http://NGVmedia.net) dels vore brukt til dette formålet).

## **Framtidas skule**

Vi meiner at mediefaga er gode fag for å kunne førebu elevane si læring i ein framtidig skule, og støttar oss til Ludvigsenutvalget (NOU:2014), som seier at:

*“Elevenes læring i fremtiden skole* er et kunnskapsgrunnlag for arbeidet med hovedutredningen. Kunnskapsgrunnlaget er forskningsbasert. For at elevene skal kunne lære godt og kunne bruke det de har lært videre, viser læringsforskningen til at undervisningen må legge mål til rette for å lære i dybden – i motsetning til mer overflatisk læring. Vi peker på at endringer i samfunnet krever fornying av skolen, og at innholdet i skolen må bygge på et bredt spekter av kompetanser – både faglige, praktiske, sosiale og emosjonelle.

NOU 2014: 7 Elevenes læring i fremtidens skole er en delutredning og et kunnskapsgrunnlag om

- fornyelse av fagene i skolen,
- fremtidige kompetansebehov i samfunns- og arbeidsliv,
- et bredt kompetansebegrep som omfatter faglige, praktiske, sosiale og emosjonelle sider ved elevenes læring,
- dybdelæring og prosesjon.” (Ludvigsen: 2014)

Vi ser også på ei praktisk og teoretisk medieutdanning som ein god måte å jobbe med det som vert omtalt som 21st century skills. Kommunikasjons- og samebeidsferdigheiter, kreativitet, produkt- og prosessutvikling, kritisk og analytisk tenking, problemløsing, digitale ferdigheter og ikkje minst mediekunnskap vert framheva som viktige ferdigheter for framtida (Jerald 2009:23, 21st Century Skills). Ei medieopplæring av den typen me argumenterer for i dette dokumentet sikrar ei opplæring som teamtiserer denne typen ferdigheter.

## Kjelder

*21st century skills*. Institute of museum and library services.

<[http://www.imls.gov/about/21st\\_century\\_skills\\_list.aspx](http://www.imls.gov/about/21st_century_skills_list.aspx)> [Lesedato 17.09.2014].

*Høring om omgjøring av utdanningsprogrammet for medier og kommunikasjon*. Oslo: Utdanningsdirektoratet. <<https://hoering.udir.no/Hoering/3>> [Lesedato 17.09.2014].

Jerald, C (2009). *Defining a 21st century education*. Center for public education.

<<http://www.centerforpubliceducation.org/Main-Menu/Policies/21st-Century/Defining-a-21st-Century-Education-Full-report-PDF.pdf>> [Lesedato 17.09.2014].

Ludvigsen, R (2014). *Elevenes læring i fremtidens skole - delutredningen er her*.

<<http://blogg.regjeringen.no/fremtidensskole/2014/09/03/elevenes-laering-i-fremtidens-skole/>> [Lesedato 17.09.2014].

*Media City Bergen*. Bergen: Institutt for informasjons- og medievitenskap, Universitet i Bergen.

<<http://www.uib.no/infomedia/51800/media-city-bergen>> [Lesedato 17.09.2014].

Oppedal, R. et al (2014) *Felles uttalelse fra MK-skolene i Oslo. Tilgjengeleg på Facebookgruppa Medielærer i Norge.* [Lesedato 17.09.2014].